



Arkivnr: 2018/301-8

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Stordalstunnelen - refinansiering av bompengelån

Samandrag

Eit sertifikatlån på 160 mill. kr som er teke opp for å finansiere bompengeprojektet Stordalstunnelen, har forfall 27.09.2018.

Siste året har fylkeskommunen hatt avtale med DNB om at banken fornyar lånet ved kvart forfall (kvar 3. månad). Denne «rulleringsavtalen» går ut ved dette forfallet. Bompengelånet skal overtakast av Ferde AS, men ein ventar på at Vegdirektoratet skal godkjenne ny prosjekt- og finansieringsavtale. Fylkeskommunen må difor enno ein periode stå som låntakar. Fylkesrådmannen går denne gongen inn for å ta opp eit 2-månaders sertifikatlån.

Ein kan betale avdrag på 25 mill. kr, slik at lånet vert redusert til 135 mill. kr.

Vedtak

Det vert teke opp eit 2 månaders sertifikatlån på 135 mill. kr i DNB til Stordalstunnelen. Renta er 1,07 % p.a.

Ingrid Holm Svendsen
Kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
Kst. fylkesdirektør øk.- og org.

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 25.09.2018

Hordaland fylkeskommune er bompengeselskap for Stordalstunnelen på E134. Ein har lån på 160 mill. kr til prosjektet. Låneopptaket er gjort i form av 3 månaders sertifikatlån. Ein har hatt avtale med DNB om at banken fornyar lånet ved kvart forfall. Denne «rulleringsavtalen» går ut 27. september 2018.

Planen er at Ferde AS skal ta over lånet. Ein hadde rekna med at overtakinga ville kunne gjennomførast i god tid før utløpet av rulleringsavtalen. Men Ferde AS ønskjer å ha på plass signert prosjekt- og finansieringsavtale før selskapet tek over lånet. Ein ventar framleis på at Vegdirektoratet skal godkjenne avtalen.

Fylkesrådmannen går no inn for at fylkeskommunen tek opp eit 2-månaders sertifikatlån. Ein vonar at Ferde AS vil kunne ta over innan den tid. Ein har tidlegare avklart med DNB at lånet kan overførast til Ferde AS.

Med bompengane som er kome inn siste året, er det rom for å betale avdrag på 25 mill. kr. Det nye lånet kan dermed reduserast til 135 mill. kr.

DNB har gjeve tilbod om eit sertifikatlån i 2 månader til 1,07 % rente. Fylkesrådmannen aksepterer dette tilbodet.